

Informasjon om internatet på Mo:

Hausten 2026

Treng du ein koseleg plass å bu, er internatet på Mo ein ypparleg stad

Internatet har 60 hyblar fordelt på tre etasjar. Det blir servert fire måltid pr. dag, frå frukost måndag, til og med middag fredag. Det er to kjøkken (i andre og tredje etasje), og desse blir flittig

brukt i helgane og på kveldstid. På internatet er det også felles

opphaldsrom/stove med tv (fyrste etg). I kjellaren er det tilgjengeleg treningsrom, badstu,

garderobeskap, vaskemaskiner og tørkerom.

Internatet har eiga internatvakt som er til stades frå kl. 20:45 til kl. 07:00.

Internatvakta og miljøkoordinator arrangerer også sosiale arrangement og aktivitetar kvar veke for elevane som bur på internatet.

Dersom du er elev ved skulestaden i sentrum, går det skulebuss både morgon og ettermiddag.

For skuleåret 2026/2027 er leiga på internatet 6700,- i månaden.

Er du interessert i å bu på internatet? Send ein e-post til post.forv@vlfk.no. Skriv namnet ditt og kva utdanningsprogram du skal starte på. Fyll ut, signer og returner hybelkontrakt når du har fått skuleplass. Hybelkontrakt må signerast før innflytting. Dersom du er under 18. år, må føresette signere kontrakten. Lenkje til kontrakt finn du på heimesida til skulen.